



## Høyringsnotat – framlegg til endringar i forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn

1	Innleiing .....	3
1.1	Om føremålet med lova .....	3
1.2	Om lovendringa i 2019.....	4
2	Gjennomgang av dei paragrafane som blir endra .....	4
2.1	Til § 1 Generelle reglar om norske, kvenske og samiske stadnamn.....	4
2.1.1	Vurderingskriterium når ønskt skrivemåte er ein eldre skrivemåte eller ei lokal dialektform.....	4
2.1.2	Nødvendig redaksjonell tilpassing til lova – oppheve § 1 første ledd tredje punktum i forskrifta.....	7
2.2	Til § 4 Særleg om samiske stadnamn .....	8
2.2.1	Tillegg om umesamisk og pitesamisk rettskriving.....	8
2.2.2	Oppdatering av kommunenamn.....	8
2.2.3	Reglar om samisk namn på eigedom med norsk namn.....	9
2.3	Til § 5 Særleg om kvenske stadnamn .....	10
2.3.1	Reglar om kvensk namn på eigedom med norsk namn.....	10
2.3.2	Språkleg endring – konsekvent bruk av uttrykk.....	10
2.4	Til § 8 Saksbehandling.....	11
2.4.1	Endra tilvisingar til lova og ei språkleg endring .....	11
2.4.2	Presisering av saksbehandling av parallellnamn på samisk og/eller kvensk	

2.5	Til § 9 Vedtak.....	13
2.5.1	Endring av regel for å tilpasse forskrifta gjeldande praksis.....	13
2.5.2	Endra tilvisingar til reglar i stadnamnlova.....	14
2.5.3	Nødvendig endring i termbruk.....	15
2.6	Til § 10 Klage.....	16
2.6.1	Språkleg endring og endring av tilvising til stadnamnlova .....	16
2.6.2	Saksgang når det blir klaga på eit andregongsvedtak.....	16
2.7	Ny § 11 Bruk av stadnamn i tenesta .....	17
2.7.1	Kva som skal reknast for bruk av stadnamn i tenesta .....	17
2.8	Administrative og økonomiske konsekvensar.....	19
3	SAMLA FORSKRIFTSFORSLAG .....	21
4	FORSKRIFT (FULL TEKST) .....	24

## 1 Innleiing

Kulturdepartementet gjer med dette framlegg om endringar i *forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn*. Endringane har heimel i lov om stadnamn § 15 første ledd: "Departementet kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av lova".

*Lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova)* vart endra ved *lov 21. juni 2019 nr. 59 om endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)*. Endringane fekk verknad frå 1. juli 2019.

Framlegget til endringar i forskrifta følgjer opp lovendringane, slik at forskrifta blir tilpassa til lova. Det er i tillegg gjort framlegg til utfyllande reglar om korleis stadnamnlova skal gjennomførast, jf. § 15 i forskrift om stadnamn.

Framlegget til forskriftsendringar er gjort i samarbeid med Statens kartverk og Språkrådet. Sametinget er konsultert i tråd med prosedyrar for konsultasjon mellom statlege myndigheiter og Sametinget.

### 1.1 Om føremålet med lova

Føremålet med stadnamnlova er etter § 1 "å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna". Stadnamna er ein del av vår felles kulturarv. Dei gir opplysningar om språk, terreng, ferdelsårer, dyreliv, plantevekst, militære varslingsystem, kyrkjeleg styring, folkelege gjeremål, ordbruk, arbeid, tenkjemåte og levevis.

I merknadene til § 1 i førearbeida til førre utgåve av lova, Prop. 105 L (2014–2015) *Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)*, står det at det ikkje berre er "det språkhistoriske *innhaldet* i eit namn som er verneverdig, men også sjølve forma namnet har i nedervd lokal uttale". Forma som namnet har i nedervd lokal uttale, er utgangspunkt for normering og har i seg sjølv kulturminneverdi.

I stadnamnlova § 4 går det fram at nedervd lokal uttale skal tilpassast norske rettskrivingsprinsipp når ein fastset skrivemåten. På den måten blir i stor grad det språklege uttrykket vidareført ved normering. Nokre gonger vil det språklege uttrykket i namnet ikkje gje meining for oss i dag, men også slike namn er viktige å vidareføre. Føremålet med lova er likevel å gje namna ein skrivemåte som i seg sjølv ikkje skjuler meiningsinnhaldet i namnet. Vernetiltaket i lova er å formidle namna i ei rettskriving som sikrar at gamle stadnamn blir vidareførte med utgangspunkt i nedervd lokal uttale og med ein skrivemåte som er praktisk for kartprodusentar, brukarar og tenesteutøvarar, og som ikkje i seg sjølv skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet. Den nærare reguleringa av skrivemåten følgjer av forskrift om skrivemåten, gjeven med heimel i stadnamnlova § 15.

Kommunane og fylkeskommunane vel namn på og gjer vedtak om skrivemåte for nærare definerte namneobjekt. Statlege organ vel namn på statlege anlegg, og Kartverket vedtek skrivemåten for desse namna. Før skrivemåten blir vedteken, skal vedtaksorgana innhente tilråding frå stadnamntenestene. Dei skal gje råd om korleis namnet skal skrivast og om namnevalet er i tråd med namnevernet. Det er Språkrådet som er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn. Stadnamntenestene har den nødvendige språkfaglege kompetansen til å gje råd som sikrar stadnamna som språklege kulturminne, slik føremålet med lova er.

## **1.2 Om lovendringa i 2019**

Målet med lovrevisjonen var å stille kommunane friare i avgjerder om stadnamn, både val av stadnamn og vedtak om skrivemåten av dei. Vidare var målet å følgje opp det som står om vern og bruk av samiske stadnamn i NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*.

Hovudinnhaldet i Prop. 65 L (2018–2019) Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.) var at rådgjevingsapparatet for norske og kvenske namn etter stadnamnlova vart fullt integrert i Språkrådet og dermed ein del av det samfunnsoppdraget Språkrådet har om å styrkje norsk språk og kvensk språk. Ein regel vart i lovendringa flytta frå forskrifta til lova. Dette gjaldt ein unntaksregel som gjer det mogeleg å vedta ein skrivemåte som bryt med gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp. Lova gjev likevel føringar for praktisering av denne regelen, slik at han ikkje utholar hovudregelen, som er å ta utgangspunkt i nedervd lokal uttale og normere ut frå gjeldande rettskrivingsprinsipp.

## **2 Gjennomgang av dei paragrafane som blir endra**

### **2.1 Til § 1 Generelle reglar om norske, kvenske og samiske stadnamn**

#### **2.1.1 Vurderingskriterium når ønskt skrivemåte er ein eldre skrivemåte eller ei lokal dialektform**

##### *Gjeldande rett*

Gjeldande § 1 lyder slik:

Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydd eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp. Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.

For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.

Skal eit objekt som ikkje har hatt namn, namnsetjast, skal det takast omsyn til lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.

#### *Departementets vurderingar*

I normeringsspørsmål er det fleire omsyn å ta. Desse omsyna er delvis kryssande og må vegast mot kvarandre. Lova opnar for at stadnamn kan få ein skrivemåte med dialektnære former, ein skrivemåte på anten nynorsk eller bokmål eller ein skrivemåte som er påverka av tidlegare rettskrivingsnormer.

Forskrift til stadnamnlova av 23. mai 2017 inneheldt følgjande formulering i § 1 første ledd tredje punktum: "Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp." I Prop. 65 L (2018–2019) går det fram at denne formuleringa skal strykast frå forskrifta og skrivast inn i stadnamnlova § 4 andre ledd. Det vart samtidig slege fast at regelen skulle forståast som ein unntaksregel. Hovudregelen, jf. stadnamnlova § 4 første ledd, er framleis at skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp. Regelen i § 4 andre ledd må derfor forståast som ei unntaksføresegn som skal brukast berre i spesielle tilfelle. I særmerknaden til § 4 står det at regelen er flytta frå forskrifta og at dette er eit "signal om at regelen skal vurderast oftare som unntaksregel".

Særmerknaden til § 4 andre ledd i stadnamnlova gjev føringar for kva som skal takast med i ei slik vurdering og til dels korleis vurderingsmomenta skal vektast:

"Ein må vurdere om skrivemåten vil endre den lokale uttalen av namnet. Forma som namnet har i den nedervde lokale uttalen, er utgangspunktet for normering og har i seg sjølv verdi som kulturminne.

Uttrykka «lenge i bruk» og «innarbeidd» skal forståast slik at det skal vere ein lang og dominerande skrifttradisjon for den eldre skrivemåten som er ønskt, helst på offentlege kart og i matriklar. I uttrykket «vel kjend» ligg det at det ikkje er stort sprik i lokale synsmåtar om at skrivemåten er innarbeidd. Dersom det er stort sprik i lokale syn på saka, skal ein leggje vekt på den synsmåten som fremjar hovudregelen.

Det må vurderast om skrivemåten i stor grad bidreg til å skjule meningsinnhaldet, slik formålet med lova er at skrivemåten ikkje skal gjere. Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavane *c*, *q*, *w*, *x*, og *z* skal ikkje godtakast i skiving av allmennord. Grunnen er hovudsakleg at slike skrivemåtar i stor grad forvanskar meningsinnhaldet. Ei adresse som inneheld eit personnamn eller eit familienamn, t.d. *Riiser-Larsens vei* eller *Schweigaards gate*, skal ikkje følgje denne regelen.

Dersom det på bakgrunn av den nedervde uttalen er tvil om kva som er meningsinnhaldet i namnet, er dette eit moment som talar for at den hevdvunne skrivemåten kan godtakast."

For å sikre god praktisering av dei momenta i vurderinga som er lagde fram i særmerknaden til stadnamnlova § 4 andre ledd, meiner departementet at dei momenta

som skal inngå i vurderinga av unntaket bør regulerast i forskrifta. Regelen bør samtidig utformast slik at ein sikrar ei viss vektlegging av momenta i høve til kvarandre.

Departementet føreslår derfor eit nytt fjerde, femte og sjette ledd i § 1, som gjev generelle reglar for både norske, samiske og kvenske namn. Det er viktig at unntaksregelen i utgangspunktet gjeld både for norske, samiske og kvenske stadnamn. Samtidig understrekar departementet at regelen må ta omsyn til effektane av den korte normeringshistoria til samisk og kvensk. Dagens nordsamiske rettskriving er frå 1979, lulesamisk rettskriving er frå 1984 og sørsamisk rettskriving er frå 1974. Dei samiske språka har i utgangspunktet altså ingen lang tradisjon som folkeleg eige i skrift og opplæring. Kvensk språk, som fekk sin første grammatikk i 2014, har ei svært kort normeringshistorie. I stadnamnlova var regelen i § 4 fram til 2015 at ein brukte rettskrivingsprinsippa i finsk som utgangspunkt for å tilpasse kvensk nedervd uttale til ein normert skrivemåte.

Ein del av fornorskingshistoria er at skrivemåten av samiske namn anten har vore bytta ut med norske namn (topografisk undertrykking) eller at dei vart tilpassa norsk rettskriving. Dette gjer at departementet meiner det bør gå fram av regelverket at når unntaksregelen i stadnamnlova § 4 andre ledd gjeld likt for norsk, samisk og kvensk, må det likevel vere slik at når ein vurderer ein hevdvunnen skrivemåte som ligg utanfor gjeldande samisk eller kvensk rettskriving, må denne skrivemåten vere del av den spesifikke samiske eller kvenske rettskrivingsutviklinga. Vi føreslår derfor at det skal gå klart fram av forskrift til stadnamn § 1 at eitt av vurderingsmomenta skal vere å avgjere om ein ønskt, eldre skrivemåte har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld. Eldre samisk skrivemåte kan i prinsippet veljast. Eldre finsk skrivemåte av kvensk kan i prinsippet også veljast. Eldre, fornorska skrivemåte av samisk og kvensk skal ikkje kunne godtakast som hevdvunnen skrivemåte utanfor gjeldande rettskriving. Reglane i § 1 gjeld altså fullt ut for både samisk, kvensk og norsk, men presisert slik at eldre, fornorska skrivemåtar ikkje kan veljast for samiske og kvenske namn.

*Framlegg (endringar i kursiv)*

#### *§ 1 Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn*

Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydd eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.

For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.

*Skal eit objekt som ikkje har hatt namn, namnsetjast, skal det takast omsyn til lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden. I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga*

- a) om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram*
- b) om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet*
- c) kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har*
- d) kor stor semje det er om skrivemåten lokalt*

e) om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld

*Skrivemåtar som kan medverke til at meiningsinnhaldet ikkje kjem tydeleg fram, eller til at den nedervde lokale uttalen blir endra, kan berre godtakast dersom dei har ein lang og dominerande tradisjon, og det er stor semje om dei lokalt. Eldre, fornorska skrivemåtar av samiske og kvenske namn skal ikkje godtakast.*

*I saker der ein vurderer å velje ei lokal dialektform som skrivemåte, skal det takast med i vurderinga*

- a) *om dialektforma representerer den nedervde uttalen betre enn ei form som følgjer gjeldande rettskriving eller ei regional samleform*
- b) *om den lokale dialektforma skal nyttast for eitt eller fleire namneobjekt med det same språklege elementet*
- c) *kor stor semje det er om skrivemåten lokalt*

### **2.1.2 Nødvendig redaksjonell tilpassing til lova – oppheve § 1 første ledd tredje punktum i forskrifta**

*Gjeldande rett*

I Prop. 65 L (2018–2019) Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.) går det fram at forskrift om stadnamn § 1 første ledd tredje punktum skal flyttast frå forskrifta til stadnamnlova § 4 andre ledd. Denne regelen, som no står i lova § 4, står også i gjeldande forskrift § 1:

"Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp."

Bakgrunnen for at denne regelen vart flytta frå forskrifta til lova, var for å sikre kommunane større reell innverknad på fastsetjing av skrivemåte. Etersom regelen stod i forskrifta, var vurderinga at han vart vurdert meir sjeldan enn det kommunane ønskte. Vidare meinte departementet at det lovteknisk sett er betre at unntaket frå hovudregelen står i same paragraf som hovudregelen står (altså stadnamnlova § 4). Føremålet med flyttinga var å leggje til rette for at unntaksregelen vart praktisert oftare, men ikkje på ein slik måte at unntaket undergrev hovudregelen. Av den grunn gav førearbeida grundige føringar for kva som skulle til for å vurdere bruk av unntaksregelen.

*Departementets vurderingar*

Det er ei nødvendig redaksjonell oppfølging av lovendringa i Prop. L 65 (2018–2019) å oppheve § 1 første ledd tredje punktum i forskrift om stadnamn.

## 2.2 Til § 4 Særleg om samiske stadnamn

### 2.2.1 Tillegg om umesamisk og pitesamisk rettskriving

#### *Gjeldande rett*

Gjeldande § 4 første ledd lyder slik:

"For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk eller sørsamisk".

#### *Departementets vurdering*

Oppramsinga av dei samiske språka bør inkludere umesamisk og pitesamisk. I 2016 fekk umesamisk godkjent ortografi. Pitesamisk ortografi vart godkjent i august 2019. Departementet viser til at umesamisk og pitesamisk er alvorleg truga språk. Inntil nyleg har det ikkje vore mogeleg å synleggjere umesamisk og pitesamisk, men ettersom Sametinget no går god for rettskrivinga i desse språka, meiner departementet tida er inne for å ta dei i bruk på skilt og kart. Stadnamnlova er eit effektivt og eigna verkemiddel for å synleggjere språklege kulturminne. Offentleg bruk av språka vil i tillegg vere til inspirasjon for det pitesamiske folket og det umesamiske folket om revitalisere språket sitt. Framlegget til endring i forskrifta § 4 er i tillegg i tråd med framlegg til språklov § 1 bokstav b som skal sikre at "offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3", jf. Prop. 108 L (2018–2019) Lov om språk.

Forskrift om stadnamn § 4 andre ledd vil gje reglar om i kva delar av det samiske språkområdet rettskrivinga for høvesvis umesamisk og pitesamisk kan brukast (sjå drøftinga nedanfor).

#### *Framlegg (endringar i kursiv)*

"For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk, *umesamisk*, *pitesamisk* eller sørsamisk."

### 2.2.2 Oppdatering av kommunenamn

#### *Gjeldande rett*

Gjeldande forskrift § 4 andre ledd lyder slik:

"Nordsamisk rettskriving skal brukast i Finnmark, Troms og i Nordland til Tysfjord kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med Tysfjord



kommune og sørover til Meløy kommune. Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. I grenseområda for dei enkelte språkområda, kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det."

#### *Departementets vurderingar*

Frå 1.1.2020 gjeld nye kommune- og regioninndelingar. Delar av Tysfjord kommune i Nordland inngår i nye Narvik kommune. Fylka Troms og Finnmark utgjer no eitt og same fylke, Troms og Finnmark. Det er nødvendig å gjere endringar i forskrifta § 4 andre ledd, som innfører dei nye fylkesnamna og nye kommunenamn. Ettersom departementet føreslår å innlemme umesamisk og pitesamisk rettskriving i reglane om kva skrivemåte som kan brukast når ein fastset samiske stadnamn, gjer vi også framlegg om geografisk utbreiing av rettskrivinga i dei ulike samiske språka.

#### *Framlegg (endringar i kursiv)*

Nordsamisk rettskriving skal brukast i *Troms og Finnmark* og i Nordland *til Efjorden i Narvik* kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med *Efjorden i Narvik* kommune og sørover til *Ranfjorden*. *Pitesamiske stadnamn frå Saltfjorden til Ranfjorden kan likevel følgje pitesamisk rettskriving*. *Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast*. *Umesamiske stadnamn i Rana, Hemnes og Rødøy kan likevel følgje umesamisk rettskriving*. I grenseområda for dei enkelte språkområda kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

### **2.2.3 Reglar om samisk namn på eigedom med norsk namn**

#### *Gjeldande rett*

I den lova som gjaldt fram til lovendringa i 2019, stod denne føringa i særmerknaden til § 8 første ledd (Ot.prp. nr. 42 (2004–2005)):

"Eigar eller festar kan gi eigedom med norsk namn i samisk eller kvensk busetjingsområde samisk eller kvensk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk."

I Prop. 65 (2018–2019) går det fram at lovendringa fører til at reglane som tidlegare stod i stadnamnlova § 8, blir vidareførte i stadnamnlova § 5 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn. Føringa i særmerknaden om at det kan fastsetjast eit tilleggsnamn på samisk, er likevel ikkje eksplisitt nemnd i særmerknaden til gjeldande stadnamnlov § 5, sjølv om gjeldande rett vart vidareført.

#### *Departementets vurdering*

Den føringa som stod i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) om at eigar kan gje eigedom med norsk namn eit samisk namn, er viktig for vidareføring av samiske namn. Føringa bør difor presiserast i ein regel i forskrifta, og inneber inga materiell endring av stadnamnlova.

#### *Framlegg*

Departementet føreslår eit nytt, femte ledd i forskrift til stadnamn § 4 Særleg om samiske stadnamn:

*Dersom ein eigedom i eit samisk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit samisk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.*

### **2.3 Til § 5 Særleg om kvenske stadnamn**

#### **2.3.1 Reglar om kvensk namn på eigedom med norsk namn**

##### *Gjeldande rett*

Fram til lovendringa i 2019 stod denne føringa i særmerknaden til § 8 første ledd (Ot.prp. nr. 42 (2004–2005):

"Eigar eller festar kan gi eigedom med norsk namn i samisk eller kvensk busetjingsområde samisk eller kvensk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk."

##### *Departementets vurdering*

Den føringa som stod i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) om at eigar kan gje eigedom med norsk namn eit kvensk namn, er viktig for vidareføring av kvenske namn. Føringa bør difor presiserast i ein regel i forskrifta, og inneber inga materiell endring av gjeldande rett.

#### *Framlegg*

Departementet føreslår eit nytt andre ledd i § 5 Særleg om kvenske stadnamn:

*Dersom ein eigedom i eit kvensk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit kvensk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.*

#### **2.3.2 Språkleg endring – konsekvent bruk av uttrykk**

##### *Gjeldande rett*

I forskrift om stadnamn § 3 første ledd og i § 4 er uttrykket *lokale dialektformer* brukt. Formuleringa i dei to paragrafane er heilt lik: "Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.". I § 5 Særleg om kvenske stadnamn er derimot uttrykket *reine dialektformer* brukt i tredje punktum: "Reine dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det."

#### *Departementets vurdering*

Departementet legg til grunn til at regelen som gjeld val av dialektformer som skrivemåte, skal formulerast likt for både norsk, samisk og kvensk. Uttrykket *lokal* er i tillegg lettare å halde opp mot formuleringa *regional* i uttrykket *regional samleform*, som også er brukt i forskrifta §§ 3, 4 og 5.

#### *Framlegg*

Forskrift om stadnamn § 5 første ledd tredje punktum skal endrast slik (endringar i kursiv):

For kvenske namn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer. *Lokale dialektformer* kan veljast når særlege grunnar talar for det.

## **2.4 Til § 8 Saksbehandling**

### **2.4.1 Endra tilvisingar til lova og ei språkleg endring**

#### *Gjeldande rett*

Ved lovendringa i 2019 vart det gjort redaksjonelle endringar som endra nummereringa av paragrafane i stadnamnlova. Paragraf § 5 andre til fjerde ledd i den tidlegare lova er flytta til § 7 første til fjerde ledd i gjeldande lov. Vidare er det som tidlegare stod i § 6 første ledd flytta til § 8 fjerde ledd. Det som stod i stadnamnlova § 6 andre ledd er flytta til § 5 tredje ledd.

I og med at stadnamnkonsulenttenesta vart organisert inn under Språkrådet etter vedtak av lovendring som tok til å gjelde 1. juli 2019, vart også nemninga *namnekonsulenttenesta* erstatta med *stadnamntenesta*, jf. stadnamnlova § 13 Stadnamntenesta:

"Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn.

Stadnamntenesta skal gi rettleiing og tilråding om skrivemåten av stadnamn, namneskikk og namnsetjing. Tenesta kan òg uttale seg om bruk av stadnamn."

### *Departementets vurderingar*

Ettersom nummereringa av paragrafane i stadnamnlova vart endra ved lovendringa i 2019, er det nødvendig å gjere tilsvarende endringar i dei tilfella der forskrift til stadnamn viser til dei paragrafane i stadnamnlova som no har endra nummerering.

Likeins er det nødvendig å bytte ut termen *namnekonsulenttenesta* med *stadnamntenesta* i dei aktuelle paragrafane.

### *Framlegg (endringar i kursiv)*

§ 8 Saksbehandling første, andre og tredje ledd skal lyde slik:

Ved vedtak etter stadnamnlova § 7 første til fjerde ledd skal vedtaksorganet sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Ved behov kan det hentast ei førebels vurdering frå *stadnamntenesta*.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dei som etter stadnamnlova § 8 tredje og fjerde ledd har rett til å uttale seg, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka. I saker som gjeld nedervde namn på bruk etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan at det ligg føre ei vurdering frå *stadnamntenesta*.

I område med samiske eller kvenske stadnamn skal saker som *gjeld norske namn*, òg sendast til *stadnamntenesta for samiske stadnamn og stadnamntenesta for kvenske stadnamn*. *Dei skal vurdere om namneobjektet òg har eit samisk eller kvensk namn* og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte. *Høyringssvara skal sendast til stadnamntenesta, som skal gi endeleg tilråding før vedtak*.

## **2.4.2 Presisering av saksbehandling av parallellnamn på samisk og/eller kvensk**

### *Gjeldande rett*

Gjeldande forskrift om stadnamn § 8 tredje ledd lyder slik:

"I område med samiske eller kvenske stadnamn må saka òg sendast til namnekonsulent for samisk eller kvensk. Namnekonsulenten skal vurdere om saka gjeld fleire namn på eit objekt og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte".

Forskrifta regulerer behandlinga av saker der det blir reist namnesak for eit norsk namn i eit område som også har samiske og kvenske namn. Stadnamnlova § 7 sjetste ledd krev at det blir reist namnesak samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

### *Departementets vurdering*

For å sikre at namnesak blir reist samtidig, jf. stadnamnlova § 7, bør reglane om saksbehandling vere tydelege. Departementet meiner at gjeldande formulering i forskrift om stadnamn ikkje er formulert i klart nok språk. Departementet føreslår derfor ei språkleg endring, som sikrar at saka frå starten av blir behandla i tråd med krava til at namnesaker som gjeld parallellnamn, blir reiste samtidig.

*Framlegg (endringar i kursiv):*

*Forskrift om stadnamn § 8 tredje ledd skal lyde slik:*

*I område med samiske eller kvenske stadnamn skal saker som gjeld norske namn, òg sendast til stadnamntenesta for samiske stadnamn og stadnamntenesta for kvenske stadnamn. Dei skal vurdere om namneobjektet òg har eit samisk eller kvensk namn og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte. Høyringsvara skal sendast til stadnamntenesta, som skal gi endeleg tilråding før vedtak.*

## **2.5 Til § 9 Vedtak**

### **2.5.1 Endring av regel for å tilpasse forskrifta gjeldande praksis**

*Gjeldande rett*

Forskrift om stadnamn § 9 gjev utfyllande reglar for korleis eit vedtak etter stadnamnlova skal vere grunngjeve, kva klagefristar som gjeld og korleis vedtaket skal gjerast kjent for partane.

Gjeldande § 9 fjerde ledd slår fast:

"Vedtaksorganet skal sende meldinga til partane i saka og til dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 6 første ledd, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til namnekonsulenttenesta og til Sentralt stadnamnregister. Gjeld vedtaka korleis eit gardsnamn skal skrivast, skal kommunen sende melding til eigarane av bruk som vedtaket kan få verknad for."

Statens kartverk, fylkeskommunen eller kommunen vedtek skrivemåten av eit stadnamn, jf. stadnamnlova § 7. Etter gjeldande forskriftsregel har dei heilt like plikter til å gjere saka kjend. Det er likevel slik at kommunen i høyringsprosessen etter regelen har ansvar for kontakt med eigarar av gardsbruk som eit vedtak om skrivemåte av gardsnamn vil få verknad for. Dette gjeld sjølv om vedtaksorgan for gardsnamna er Kartverket. Heilt sidan lova tok til å gjelde 1. juli 1991, har praksis vore at kommunen skal skrive til grunneigarar direkte i saker som gjeld bruksnamn. Dette har vore ein praksis som er i samsvar med lova.

Kartverket sender såleis brev om sine vedtak til den som tok opp saka, kommunar og fylkeskommunar som ikkje sjølve er vedtaksorgan i saka, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, og til stadnamntenesta. Dette er i tråd med forskrifta § 9 fjerde ledd. Det som derimot har utvikla seg som praksis, og som ikkje er i tråd med ordlyden i forskrifta, er at Kartverket i standardbrev sine om namnevedtak ber kommunen gjere vedtaket kjent for alle partane i saka, ikkje berre grunneigarar.

#### *Departementets vurdering*

Det er god forvaltning å leggje til rette for rask og uavkorta formidling av eit offentleg vedtak til partane i saka. Dette gjer at partane kan innrette seg etter vedtaket, som så gjer det mogeleg å gjennomføre lova effektivt. Departementets vurdering er at forskrifta § 9 fjerde ledd bør endrast slik at forskrifta kjem i tråd med gjeldande praksis, som er at *kommunane* også i saker der fylkeskommunen og Kartverket er vedtaksorgan, sender vedtaket til partane. Frå før har kommunane ansvar for å kunngjere at det er reist namnesak, jf. § 8 første ledd. Som del av kunngjeringa er det kommunen som administrerer ei lokal høyring av namnesaka på føremålstenleg måte. Kommunen skal tilskrive eigarar av bruk som eit vedtak om gardsnamn vil få verknad for. Kommunen har lokalkunnskapen og kjennskap til kva lokale organisasjonar som har ei interesse i saka. Når eit vedtak er gjort av vedkommande vedtaksorgan, og kommunen har utfyllande informasjon om vedtaket, har kommunen dermed alle føresetnader for å formidle vedtaket til alle relevante interessegrupper og partar. Dersom forskrifta skal praktiserast i tråd med den gjeldande ordlyden, krev dette at Kartverket innhentar kontaktopplysningar om partane frå kommunen. Det vil innebere ein ekstra administrativ runde for Kartverket. I ein slik runde vil kommunen også måtte bruke noko tid på å formidle kontaktopplysningar til Kartverket. Det er ikkje rimeleg skilnad i administrativ byrde på kommunen om han må formidle kontaktopplysningar til Kartverket eller vidaresende eit brev frå Kartverket til partane. Ingen av rutineane inneber reell saksbehandling i kommunen.

#### *Framlegg (endringar i kursiv)*

Departementet føreslår ei endring av fjerde ledd i forskrifta § 9:

Vedtaksorganet skal sende *vedtaket til den som har teke opp stadnamnsaka*, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til *stadnamntenesta* og til Sentralt stadnamnregister. *Kommunen skal sende vedtaket vidare til partane i saka og dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 8 første ledd, og gjere vedtaket kjent for dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd.*

Dette inneber at gjeldande § 9 femte ledd blir overflødig, og kan opphevast.

### **2.5.2 Endra tilvisingar til reglar i stadnamnlova**

#### *Gjeldande rett*

Som det er gjort greie for i punkt som gjeld § 8 ovanfor, tok ny nummerering av paragrafar i stadnamnlova til å gjelde ved lovvedtak 1. juli 2019.

#### *Vurdering*

Ettersom nummereringa av paragrafane i stadnamnlova vart endra i Prop. 65 L (2018–2019), er det nødvendig å gjere tilsvarende endringar i dei tilfella der forskrift til stadnamn viser til dei paragrafane i stadnamnlova som no har endra nummerering.

#### *Framlegg (endringar i kursiv)*

Forskrifta § 9 første ledd fjerde punktum viser til kven som har klagerett etter stadnamnlova § 10. Kven som har klagerett er etter lovendringa i 2019 regulert i § 12. Forskrifta § 9 første ledd fjerde punktum skal difor lyde slik:

"Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd, kan krevje å få grunngevinga for andre enkeltnamn."

Tilvisinga til stadnamnlova "§ 6 første ledd" endrast til "§ 8 første ledd", slik at forskrifta § 9 fjerde ledd andre punktum lyder slik:

*Vedtaksorganet skal sende vedtaket til den som har teke opp stadnamnsaka, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til stadnamntenesta og til Sentralt stadnamnregister. Kommunen skal sende vedtaket vidare til partane i saka og dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 8 første ledd, og gjere vedtaket kjent for dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd.*

### **2.5.3 Nødvendig endring i termbruk**

#### *Gjeldande rett*

Etter lovvedtaket som tok til å gjelde 1. juli 2019, vart stadnamnkonsulenttenesta organisert under Språkrådet. Nemninga *namnekonsulenttenesta* vart samtidig erstatta med *stadnamntenesta*, jf. stadnamnlova § 13.

#### *Departementets vurdering*

I lys av vurderinga av endringar i termbruken under drøftinga av § 8 må også nemningsbruken i forskrifta § 9 fjerde ledd første punktum endrast.

#### *Framlegg (endringar i kursiv)*

Forskrift om stadnamn § 9 fjerde ledd skal lyde:

*Vedtaksorganet skal sende vedtaket til den som har teke opp stadnamnsaka, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til stadnamntenesta og til Sentralt stadnamnregister.*

## 2.6 Til § 10 Klage

### 2.6.1 Språkleg endring og endring av tilvising til stadnamnlova

I gjeldande § 10 er ordet *klage* både brukt som hokjønnsord og som hankjønnsord. Både delar kan brukast på nynorsk, men bruken bør vere konsekvent. Departementet tilrår konsekvent bruk av *klage* som hokjønnsord i § 10.

Ettersom nummereringa av paragrafane i stadnamnlova vart endra i Prop. 65 L (2018–2019), er det nødvendig å gjere tilsvarande endringar i forskrifta § 10, der paragrafen viser til reglar i lova. I regelen første ledd i tredje punktum må tilvisinga endrast frå § 6 og § 10 til § 8 og § 12

*Framlegg (endringar i kursiv)*

#### § 10 Klage

*Ei klage* skal vere skriftleg, og grunngivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

*Klaga* skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune dersom kommunen ikkje sjølv er vedtaksorgan.

Forvaltningslova kapittel VI gjeld med dei unntaka som går fram av stadnamnlova § 8 og § 12.

*Ei klage* på eigarfastsett skrivemåte av namn på bruk kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Kartverket, eller feil ved saksbehandlinga.

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klaga er avgjort. Avslag på søknad om utsetjing skal vere skriftleg og grunngitt.

### 2.6.2 Saksgang når det blir klaga på eit andregongsvedtak

#### *Gjeldande rett*

Forskrift om stadnamn § 10 andre ledd gjev reglar for kven som skal ta imot ei klage. Det er fastsett at ei klage skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, t.d. Kartverket eller kommunen. Det følgjer av stadnamnlova § 12 andre ledd at klager i andre instans skal behandlast av ei klagenemnd.

#### *Vurdering*

Det er likevel uklart etter gjeldande lov og forskrift kva reglar som gjeld når vedtaksorganet har behandla klagesaka og kjem klagaren i møte, og dette andregongsvedtaket blir klaga på. Departementet meiner det er nødvendig å sikre at ei sak ikkje bli gåande fram og tilbake mellom nytt vedtak og ny klage i fleire rundar. Forslaget er derfor å fastsetje ein regel i § 10 i forskrifta tredje ledd. Det er behov for å regulere kva instans som skal behandle saka i dei tilfella der vedtaksorganet omgjer eit



vedtak slik klagaren ønskjer, og dette igjen blir klaga på. Departementet meiner det er ineffektivt dersom slike saker går tilbake til vedtaksorganet, som jo allereie har behandla klagesaka og gjort nytt vedtak. Slike saker bør sendast til klagenemnda med alle sakspapira.

### *Framlegg*

Nytt tredje ledd i § 10 Klage skal lyde:

*Dersom vedtaksorganet, etter at sak har vore til klagebehandling, vedtek den skrivemåten klagaren ønskte, og det blir klaga på dette nye vedtaket, må saka med alle dokumenta bli send til avgjerd i klagenemnda for stadnamnsaker.*

## **2.7 Ny § 11 Bruk av stadnamn i tenesta**

### **2.7.1 Kva som skal reknast for bruk av stadnamn i tenesta**

#### *Gjeldande rett*

Gjeldande § 1 i stadnamnlova tredje ledd slår fast verkeområdet for stadnamnlova:

"Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta. Lova gjeld også bruk av stadnamn i selskap som det offentlege eig fullt ut og i læremiddel som skal brukast i skolen. Departementet kan i særskilte tilfelle gi forskrift om at lova skal gjelde når selskap som det offentlege ikkje eig fullt ut, skal bruke stadnamn."

Verkeområdet for stadnamnlova er todelt. Lova gjeld når offentlege organ vedtek skrivemåte og fastset namn på ein stad. Lova gjeld i tillegg når eit offentlig organ brukar stadnamna i tenesta. Dei konkrete reglane i stadnamnlova fastset i hovudsak reglar som leier fram til vedtak. Forskriftsreglane utfyller desse igjen. Reglar for kva som utgjer *bruk* er færre. Stadnamnlova § 11 slår fast at offentlege organ av eige tiltak skal bruke den skrivemåten som er fastsett og ført inn i stadnamnregisteret. Bruk av stadnamn gjeld også samiske og kvenske stadnamn. *Fleirspråkleg bruk* av stadnamna er regulert i forskrifta § 7. I denne regelen er døme på bruksområde nemnde, t.d. ved at eit offentlig organ i samanhengande tekst skal bruke namnet på det språket som teksten er skriven på. Forskrifta § 7 gjev også reglar for fleirspråkleg bruk av stadnamn på "skilt eller kart o.l."

Stadnamnlova § 12 skil dessutan mellom klage på vedtak etter stadnamnlova og klage på manglande bruk eller feil bruk av eit stadnamn. Ei klage på vedtak skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten. Dersom klagaren ikkje får medhald, skal klaga behandlast av klagenemnda for stadnamnsaker. Ei klage på manglande bruk eller feilbruk skal rettast til overordna organ *eller til Fylkesmannen dersom klaga gjeld ein kommune*,

Ei rekkje statsorgan har retningslinjer for bruk av stadnamn i tenesta. Til dømes har Statens vegvesen retningslinjer for bruk av stadnamn på skilt. Miljødirektoratet og Kartverket har utarbeidd ein rutine for namneval og vedtak av skrivemåte på namn på verneområde. Denne rutinen slår fast at ved vedtak om vern av eit naturområde, skal skrivemåten som står i Sentralt stadnamnregister, brukast. Dette inneber at namn på verneområde som er fastsett etter naturmangfaldslova § 34, skal ha ein skrivemåte som følgjer av stadnamnlova, dersom namnet på naturvernområdet gjenbrukar eit stadnamn.

#### *Departementets vurderingar*

Ei liste over namn på verneområde på lovdata, dvs. forskriftsvedtak om vern, viser at dei fleste forskriftsvedtak etter naturmangfaldslova gjenbrukar eit nedervd stadnamn. Denne bruken av eit stadnamn er ønskt ut frå immaterielle verneinteresser, og er såleis i tråd med føremålet med lova om å vidareføre så mange nedervde stadnamn som råd i bruk på nye namneobjekt. Det er likevel ikkje synleg i stadnamnlova eller i forskriftene at vedtak etter naturmangfaldslova kan innebere bruk av eit stadnamn, som, dersom det er nedervd, er omfatta av reglane i stadnamnlova. Derfor er det behov for ei regulering av det som allereie går fram av rutinen for namneval mellom Miljødirektoratet og Kartverket.

Stadnamnlova § 1 og 11 gjev reglar om bruk av stadnamn, og slår fast at "lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta" og "når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak" av statsorgan, fylkeskommune og kommune. Samiske og kvenske namn skal til vanleg brukast av det offentlege på kart og skilt saman med eventuelt norsk namn. Det går likevel ikkje utfyllande nok fram av stadnamnlova kva det vil seie for eit offentleg organ at eit stadnamn blir brukt i tenesta. Dette gjer det også vanskeleg å avgjere i samband med klager kva som vil vere manglande bruk av eit stadnamn – eller feil bruk i samband med klager. Departementet meiner derfor at for å sikre at nedervde stadnamn blir brukte i offentleg teneste, jf. føremålet og verkeområdet for lova, er det behov for å fastsetje ein forskriftsregel for kva som utgjer slik bruk. Ein slik regel vil vere heilt ny, men det materielle innhaldet er ikkje nytt, berre presisert og i samsvar med kva lova seier om bruk av stadnamn i tenesta.

Regelen bør ha tittelen § 11 *Bruk av stadnamn i tenesta* og også innehalde ei tilvising til språklova, ettersom Prop. 65 L (2018–2019) slår fast at i namn på "institusjonar som tek i bruk eit stadnamn i organisasjonsnamnet, skal ein i sjølve stadnamnet bruke den vedtekne skrivemåten etter stadnamnlova".

#### *Framlegg*

#### **Ny § 11 Bruk av stadnamn i tenesta**

*Statsorgan, fylkeskommunar og kommunar skal bruke den fastsette skrivemåten av stadnamnet, jf. stadnamnlova § 11, i tekstproduksjon, skilting og på kart. Dette omfattar mellom anna*

- a) *namn på offisielle krinsar (grunnkrins, valkrins, skulekrins, kyrkjesokn, postnummerområde m.m.)*
- b) *namn på offentlege anlegg som idrettsanlegg, fyr, vegar, tunnelar, bruer, haldeplassar, rasteplassar, ferjekaier m.m,*
- c) *namn på institusjonar som kyrkjer, sjukehus, barnehagar og skular,*
- d) *namn på verneområde som vidarefører eit nedverd stadnamn i bruk.*

*Namn som nemnt i første punktum bokstav c skal finnast på både nynorsk og bokmål når dei er namn på statsorgan, jf. språklova § 10.*

## **2.8 Administrative og økonomiske konsekvensar**

Departementet meiner at framlegget til endringar i forskrifta § 9 forenkler lova og den administrative prosessen med å få eit vedtak kjent hos dei som vedtaket gjeld.

Framlegget til forskrift vil ikkje gje økonomiske konsekvensar.

Framlegget til nytt, fjerde ledd i § 9 gjev ikkje kommunane fleire oppgåver enn dei har etter gjeldande regelverk. Framlegget til forskrift er i tråd med gjeldande praksis, og endringa vil ikkje påføre kommunane andre administrative byrder enn dei har i dag.



### 3 SAMLA FORSKRIFTSFORSLAG

I

I forskrift 23. mai 2017 nr. 638 om stadnamn skal det gjerast følgjande endringar:

§ 1 første ledd tredje punktum blir oppheva.

§ 1 nytt fjerde til sjette ledd skal lyde:

I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga

- a) om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram
- b) om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet
- c) kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har
- d) kor stor semje det er om skrivemåten lokalt
- e) om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld

Skrivemåtar som kan medverke til at meiningsinnhaldet ikkje kjem tydeleg fram, eller til at den nedervde lokale uttalen blir endra, kan berre godtakast dersom dei har ein lang og dominerande tradisjon, og det er stor semje om dei lokalt. Eldre, fornorska skrivemåtar av samiske og kvenske namn skal ikkje godtakast.

I saker der ein vurderer å velje ei lokal dialektform som skrivemåte, skal det takast med i vurderinga

- a) om dialektforma representerer den nedervde uttalen betre enn ei form som følgjer gjeldande rettskriving eller ei regional samleform
- b) om den lokale dialektforma skal nyttast for eitt eller fleire namneobjekt med det same språklege elementet
- c) kor stor semje det er om skrivemåten lokalt

§ 4 første ledd skal lyde:

For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk, *umesamisk*, *pitesamisk* eller sørsamisk.

§ 4 andre ledd skal lyde:

Nordsamisk rettskriving skal brukast i *Troms og Finnmark* og i Nordland *til Efjorden i Narvik* kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med *Efjorden i Narvik* kommune og sørover til *Ranfjorden*. *Pitesamiske stadnamn frå Saltfjorden til Ranfjorden kan likevel følgje pitesamisk rettskriving. Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. Umesamiske stadnamn i Rana, Hemnes og Rødøy kan likevel følgje umesamisk rettskriving.* I grenseområda for dei enkelte språkområda kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale

uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

Nytt § 4 femte ledd skal lyde:

Dersom ein eigedom i eit samisk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit samisk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.

§ 5 første ledd tredje punktum skal lyde:

*Lokale* dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

Nytt § 5 andre ledd skal lyde:

Dersom ein eigedom i eit kvensk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit kvensk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.

§ 8 første til tredje ledd skal lyde:

Ved vedtak etter stadnamnlova § 7 første til fjerde ledd skal vedtaksorganet sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Ved behov kan det hentast ei førebels vurdering frå *stadnamntenesta*.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dei som etter stadnamnlova § 8 tredje og fjerde ledd har rett til å uttale seg, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka. I saker som gjeld nedervde namn på bruk etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan at det ligg føre ei vurdering frå *stadnamntenesta*.

I område med samiske eller kvenske stadnamn *skal saker som gjeld norske namn*, òg sendast til *stadnamntenesta for samiske stadnamn og stadnamntenesta for kvenske stadnamn*. *Dei skal vurdere om namneobjektet òg har eit samisk eller kvensk namn* og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte. *Høyringsssvara skal sendast til stadnamntenesta, som skal gi endeleg tilråding før vedtak*.

§ 8 femte ledd andre og tredje punktum skal lyde:

Vedtaksorganet *skal* sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. I saker som gjeld skrivemåte av nedervde bruksnamn etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, trengst det likevel ikkje reisast namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren krev det.

§ 9 første ledd fjerde punktum skal lyde:

Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd, kan krevje å få grunngevinga for andre enkeltnamn.

§ 9 fjerde ledd skal lyde:

Vedtaksorganet skal sende *vedtaket til den som har teke opp stadnamnsaka*, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til *stadnamntenesta* og til Sentralt stadnamnregister. *Kommunen skal sende vedtaket vidare til partane i saka og dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 8 første ledd, og gjere vedtaket kjent for dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd.*

§ 9 femte ledd blir oppheva.

§ 10 skal lyde:

§ 10 *Klage*

*Ei klage* skal vere skriftleg, og grunngevinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

*Klaga* skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune dersom kommunen ikkje sjølv er vedtaksorgan. *Forvaltningsloven* kapittel VI gjeld med dei unntaka som går fram av stadnamnlova §§ 8 og 12.

*Dersom vedtaksorganet, etter at sak har vore til klagebehandling, vedtek den skrivemåten klagaren ønskte, og det blir klaga på dette nye vedtaket, må saka med alle dokumenta bli send til avgjerd i klagenemnda for stadnamnsaker.*

*Ei klage* på eigarfastsett skrivemåte av namn på bruk kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Kartverket, eller feil ved saksbehandlinga.

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute, eller klaga er avgjort. *Eit avslag* på søknad om utsetjing skal vere skriftleg og grunngett.

§ 11 skal lyde:

§ 11 *Bruk av stadnamn i tenesta*

*Statsorgan, fylkeskommunar og kommunar skal bruke den fastsette skrivemåten av stadnamnet, jf. stadnamnlova § 11, i tekstproduksjon, skilting og på kart. Dette omfattar mellom anna*

- a) *namn på offisielle krinsar (grunnkrins, valkrins, skulekrins, kyrkjjesokn, postnummerområde m.m.)*

- b) *namn på offentlege anlegg som idrettsanlegg, fyr, vegar, tunnelar, bruer, haldeplassar, rasteplassar, ferjekaier m.m,*
- c) *namn på institusjonar som kyrkjer, sjukehus, barnehagar og skular,*
- d) *namn på verneområde som vidarefører eit nedervd stadnamn i bruk.*

*Namn som nemnt i første punktum bokstav c skal finnast på både nynorsk og bokmål når dei er namn på statsorgan, jf. språklova § 10.*

Noverande §§ 11 til 15 blir § 12 til ny § 16

## **4 FORSKRIFT (FULL TEKST)**

**Heimel:** Fastsett av Kulturdepartementet 23. mai 2017 med heimel i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (stadnamnlova) § 15.

### **§ 1. Generelle reglar om norske, samiske og kvenske stadnamn**

Stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, når ikkje anna følgjer av reglane nedanfor. Stadnamn som inneheld utdøydde eller uklare språkelement, skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp.

For samiske og kvenske stadnamn skal det takast særleg omsyn til munnleg tradisjon.

Skal eit objekt som ikkje har hatt namn, namnsetjast, skal det takast omsyn til lokale, nedervde stadnamn og tradisjonelt ordtilfang på staden.

*I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga*

- a) *om skrivemåten kan medverke til at meiningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram*
- b) *om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet*
- c) *kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har*
- d) *kor stor semje det er om skrivemåten lokalt*
- e) *om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld*

*Skrivemåtar som kan medverke til at meiningsinnhaldet ikkje kjem tydeleg fram, eller til at den nedervde lokale uttalen blir endra, kan berre godtakast dersom dei har ein lang og dominerande tradisjon, og det er stor semje om dei lokalt. Eldre, fornorska skrivemåtar av samiske og kvenske namn skal ikkje godtakast.*

*I saker der ein vurderer å velje ei lokal dialektform som skrivemåte, skal det takast med i vurderinga*

- a) *om dialektforma representerer den nedervde uttalen betre enn ei form som følgjer gjeldande rettskriving eller ei regional samleform*



- b) *om den lokale dialektforma skal nyttast for eitt eller fleire namneobjekt med det same språklege elementet*
- c) *kor stor semje det er om skrivemåten lokalt*

## **§ 2. Korleis lydleg overførte stadnamn i fleirspråkleg område skal skrivast**

Stadnamn som heilt eller delvis er lydleg overførte frå andre språk, og som har fått ein innarbeidd uttale i mottakarspråket, skal følgje rettskrivingsreglane i mottakarspråket. Har eit slikt stadnamn ikkje fått ein innarbeidd uttale, skal det følgje rettskrivingsreglane i opphavsspråket.

Inneheld eit overført stadnamn eit ledd som er brukt i eit stadnamn i eit anna språk, kan dette leddet skrivast i samsvar med rettskrivingsreglane i dette språket. Den andre delen av stadnamnet skal følgje rettskrivingsreglane i mottakarspråket. I andre tilfelle skriv ein namneleddet i samsvar med reglane i mottakarspråket.

## **§ 3. Særleg om norske stadnamn**

Skrivemåten av norske stadnamn skal følgje den rettskrivingsforma eller regionale samleforma som passar best med den nedervde lokale uttalen. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

For namn på bruk skal det leggjast særleg vekt på kva slags skrivemåte eigaren ønskjer. Dette gjeld òg i saker der vilkåra for at eigaren kan fastsetje skrivemåten, ikkje er oppfylte.

## **§ 4. Særleg om samiske stadnamn**

For samiske stadnamn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskriving i nordsamisk, lulesamisk, skoltesamisk, umesamisk, pitesamisk eller sørsamisk.

Nordsamisk rettskriving skal brukast i *Troms og Finnmark* og i Nordland *til Efjorden i Narvik* kommune. Skoltesamiske stadnamn i Sør-Varanger kommune kan likevel følgje skoltesamisk rettskriving. Lulesamisk rettskriving skal brukast frå og med *Efjorden i Narvik* kommune og sørover til *Ranfjorden*. *Pitesamiske stadnamn frå Saltfjorden til Ranfjorden kan likevel følgje pitesamisk rettskriving. Frå og med Rana kommune og sørover skal sørsamisk rettskriving brukast. Umesamiske stadnamn i Rana, Hemnes og Rødøy kan likevel følgje umesamisk rettskriving.* I grenseområda for dei enkelte språkområda kan ein bruke den rettskrivinga som passar best med den nedervde lokale uttalen. Det kan òg veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

Dersom det er brukt fleire samiske namn om det same namneobjektet, skal det eldste namnet brukast av det offentlege. I særlege tilfelle kan det gjerast unntak frå denne regelen.

I avveginga av ulike omsyn skal ein leggje vekt på at stadnamna får ein einskapleg skrivemåte innanfor dei ulike samiske språkområda.

*Dersom ein eigedom i eit samisk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit samisk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.*

#### **§ 5. Særleg om kvenske stadnamn**

For kvenske namn skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Det kan likevel veljast regionale samleformer. Lokale dialektformer kan veljast når særlege grunnar talar for det.

*Dersom ein eigedom i eit kvensk busetjingsområde har eit norsk namn, kan eigaren eller festaren gi eigedomen eit kvensk namn i tillegg til eller i staden for det norske namnet. Bruksnamna skal brukast av det offentlege i samsvar med reglane om fleirspråkleg namnebruk.*

#### **§ 6. Bruk av eittspråklege namn**

Har eit objekt berre eit samisk namn, eit kvensk namn eller eit norsk namn, skal det offentlege bruke dette namnet utan omsetjing eller tilpassingar.

#### **§ 8. Saksbehandling**

Ved vedtak etter stadnamnlova § 7 første til fjerde ledd skal vedtaksorganet sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg før det blir gjort vedtak. Ved behov kan det hentast ei førebels vurdering frå stadnamntenesta.

Vedtaksorganet skal førebu og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dei som etter stadnamnlova § 8 tredje og fjerde ledd har rett til å uttale seg, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka. I saker som gjeld nedervde namn på bruk etter stadnamnlova § 5 tredje ledd, kan eigaren fastsetje skrivemåten utan at det ligg føre ei vurdering frå stadnamntenesta.

I område med samiske eller kvenske stadnamn skal saker som gjeld norske namn, òg sendast til stadnamntenesta for samiske stadnamn og stadnamntenesta for kvenske stadnamn. Dei skal vurdere om namneobjektet òg har eit samisk eller kvensk namn og gi ei førebels vurdering av skrivemåten. Samiske og kvenske organisasjonar skal få saker som gjeld samiske og kvenske stadnamn, tilsende direkte. Høyringssvara skal sendast til stadnamntenesta, som skal gi endeleg tilråding før vedtak.

Saker om skrivemåten av daglegnamn skal behandlast på same måten som saker om dei offisielle bruksnamna. Med daglegnamn er meint namn som er nytta i samsvar med den lokale tradisjonen, men som ikkje er identiske med dei offisielle bruksnamna som er registrerte i offentlege register.

I saker der det same namnet blir brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal ein først fastsetje skrivemåten for det objektet namnet opphavleg vart brukt på. Vedtaksorganet skal sjå til at alle funksjonane av namnet blir tekne opp i namnesaka. I saker som gjeld skrivemåte av nedervde bruksnamn etter stadnamnlova § 5 tredje ledd,

trengst det likevel ikkje reisast namnesak for det tilsvarande gardsnamnet samtidig, med mindre eigaren krev det.

### **§ 9. Vedtak**

Vedtaket etter stadnamnlova skal vere skriftleg og grunngitt. Grunngivinga skal vise til den regelen vedtaket byggjer på, og skal innehalde dei faglege føresetnadene for og den vurderinga som ligg til grunn for vedtaket. Grunngiving skal givast samtidig med vedtaket for gardsnamn og bruksnamn, når bruksnamnet ikkje er fastsett av eigaren. Dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd, kan krevje å få grunngivinga for andre enkeltnamn.

Ei melding eller kunngjering om vedtak skal innehalde opplysningar om klagerett, klagefrist, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og til å søkje om utsett iverksetjing av vedtaket.

Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram. Blir meldinga kunngjort offentleg, tek klagefristen til å gjelde frå vedtaket vart kunngjort første gongen.

Vedtaksorganet skal sende *vedtaket til den som har teke opp stadnamnsaka*, til vedkommande kommune og fylkeskommune som ikkje sjølv er vedtaksorgan, til statlege organ som skal bruke namnet i tenesta, til *stadnamntenesta* og til Sentralt stadnamnregister. *Kommunen skal sende vedtaket vidare til partane i saka og dei som har uttala seg i saka etter stadnamnlova § 8 første ledd, og gjere vedtaket kjent for dei som har klagerett etter stadnamnlova § 12 første ledd.*

### **§ 10. Klage**

*Ei klage* skal vere skriftleg, og grunngivinga må behandle alle namn eller namneledd klaga gjeld.

*Klaga* skal sendast til det organet som har fastsett skrivemåten, med kopi til vedkommande kommune dersom kommunen ikkje sjølv er vedtaksorgan. *Forvaltningsloven* kapittel VI gjeld med dei unntaka som går fram av stadnamnlova §§ 8 og 12.

*Dersom vedtaksorganet, etter at sak har vore til klagebehandling, vedtek den skrivemåten klagaren ønskte, og det blir klaga på dette nye vedtaket, må saka med alle dokumenta bli send til avgjerd i klagenemnda for stadnamnsaker.*

*Ei klage* på eigarfastsett skrivemåte av namn på bruk kan berre gjelde dokumentasjonen som eigaren har lagt fram for Kartverket, eller feil ved saksbehandlinga.

Underinstansen, klageinstansen eller eit anna overordna organ kan fastsetje at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute, eller klaga er avgjort. *Eit avslag* på søknad om utsetjing skal vere skriftleg og grunngitt.

## **§ 11 Bruk av stadnamn i tenesta**

*Statsorgan, fylkeskommunar og kommunar skal bruke den fastsette skrivemåten av stadnamnet, jf. stadnamnlova § 11, i tekstproduksjon, skilting og på kart. Dette omfattar mellom anna*

- a) namn på offisielle krinsar (grunnkrins, valkrins, skulekrins, kyrkjesosn, postnummerområde m.m.)*
- b) namn på offentlege anlegg som idrettsanlegg, fyr, vegar, tunnelar, bruer, haldeplassar, rasteplassar, ferjekaier m.m,*
- c) namn på institusjonar som kyrkjer, sjukehus, barnehagar og skular,*
- d) namn på verneområde som vidarefører eit nedverd stadnamn i bruk.*

*Namn som nemnt i første punktum bokstav c skal finnast på både nynorsk og bokmål når dei er namn på statsorgan, jf. språklova § 10.*

## **§ 12. Klagenemnda for stadnamnsaker**

Departementet peikar ut medlemmene i klagenemnda for stadnamnsaker. Sametinget peikar ut medlem som er kunnig i samiske språk. Kvar medlem skal ha ein personleg varamedlem. Medlemmene blir peika ut for fire år om gongen.

Klagenemnda for stadnamnsaker skal ha ein fast leiar som er jurist, to faste medlemmer peika ut etter forslag frå KS (kommunesektorens organisasjon) og ein representant språkkunnig i bokmål, ein i nynorsk, ein i samiske språk og ein i kvensk.

Klagenemnda skal ha fem medlemmer ved behandlinga av norske stadnamn, men er likevel vedtaksfør når minst fire medlemmer, og av dei leiaren eller vara for leiaren, er til stades.

Klagenemnda skal ha fire medlemmer ved behandlinga av samiske og kvenske stadnamn og er vedtaksfør når minst tre medlemmer er til stades, og av dei leiaren eller vara for leiaren og den språkkunnige for samisk eller kvensk. Står stemmetala likt, avgjer leiaren saka.

## **§ 13. Gjenopning**

Vedtaksorganet avgjer om ei sak skal takast opp på nytt. Det gjeld òg saker som har vore behandla i klagenemnda for stadnamnsaker. Vedtaksorganet avgjer om ei sak som er opna på nytt, skal ut på ny høyring.

Eit avslag på ei oppmoding om å ta saka opp på nytt, kan klagast til klagenemnda for stadnamnsaker.

## **§ 14. Sentralt stadnamnregister**

Sentralt stadnamnregister skal innehalde opplysningar om alle stadnamn som har fått skrivemåten vedteken etter stadnamnlova. I tillegg skal registeret innehalde flest mogleg

andre stadnamn som er godkjende etter tidlegare lov og forskrift og brukte i offentleg samanheng, og tilhøyrande opplysningar om desse namna.

For alle namna skal registeret ha opplysningar om:

- a) korleis namnet blir skriva
- b) status for skrivemåten, som foreslått, vedteken, godkjend, avslått mv.
- c) språk
- d) objekttype som grend, gard, bruk, veg, vatn, elv, nes osv.
- e) eventuelt fleire namn på same språk for same namneobjekt, og kva for namn som er mest vanleg å bruke, dersom ein har kunnskap om det
- f) flate, line eller punkt med koordinat referert i eit nasjonalt brukt koordinatsystem
- g) administrativ tilhøyrse (kommunennummer)
- h) vedtaksdato og kven som har gjort vedtaket dersom stadnamnet er vedteke
- i) identitetsnummeret i matrikkelen dersom stadnamnet er vedteke og skal brukast i matrikkelen
- j) kva for offentleg bruk stadnamnet er henta frå og om mogleg dato for dokumentasjonen dersom det gjeld eit godkjend stadnamn.

Kartverket fører registeret og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege.

Kartverket skal utarbeide dei standardane og rutine som skal nyttast ved rapportering til registeret. Skal eit vedtak brukast i matrikkelen, skal Statens kartverk syte for oppdatering mellom dei to registera.

Når eit namn ikkje er behandla etter reglane i stadnamnlova, og to eller fleire skrivemåtar av namnet på same språk er i offentleg bruk og er registrerte i Sentralt stadnamnregister som godkjende skrivemåtar, skal ein i offentleg bruk velje den skrivemåten som er prioritert i Sentralt stadnamnregister.

### **§ 15. Utfyllande reglar**

Språkrådet fastset utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast. Språkreglane skal godkjennast av Kulturdepartementet. Sametinget kan fastsetje utfyllande språkreglar om skrivemåten av samiske stadnamn.

### **§ 16. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft straks. Frå same tid blir forskrift 1. juni 2007 nr. 592 om skrivemåten av stadnamn oppheva.